

Emneevaluering

Emnekode: MAPSYK321

Navn på emne: Organisasjons- og leiarutvikling

År/semester: 2019/haust

Emneansvarlig: Olav Kjellevold Olsen

Innledning:

Faget bygger på særleg psyk 110 og 200 frå bachelor. Kurset har siste to gjennomføringane blitt korta ned med om lag 2 dagar, for å skape bedre balanse mellom vektal og undervisning. Kurset har ein pedagogisk modell som baserer seg på ein kombinasjon av erfaringsbasert læring, sjølvstudiar, skriftlege arbeider og teoriformidling. Det betyr eit samspel som stiller krav til både involvering, og krav til sjølvstudier.

Studentevalueringer:

- **Metode - gjennomføring**

Evalueringsskjema frå SurveyXact er sendt til alle vurderingsmeldte studentar på emnet hausten 2019, totalt 27 kandidatar. 14 kandidatar har besvart undersøkinga. Evalueringsskjema er sett saman av spørsmål med svaralternativ og spørsmål der studentar kan svare med fritekst.

- **Faglærers oppsummering av studentene sine tilbakemelding fra studentevaluering**

Studentane er gjennomgåande godt nøgde med både form og innhaldet av kurset, og 93 % av studentane opplevde undervisningselementene som «i stor grad eller svært stor grad» som nyttige for å nå læringsmålene i faget. 100 % opplevde gruppeøvelsane som i stor eller svært stor grad nyttige. Tilsvarende tal for seminar var 86 %, og 72 % for studentpresentasjonane.

Mange var svært tilfredse med den pedagogiske modellen, og ytra seg mellom anna som «Veldig lærerrikt med erfaringslæring. Opplevdes som utviklende og opplysende..»; «Veldig fornødt med dette faget! Beste hittill i hele utdanningen min :) Har likt utrolig godt den praktiske tilnærmingen vi har hatt!»; «Det har vært et enestående kurs. Tøft og veldig krevende, det mange studenter har kjent på høyt press, samtidig som det har vært godt vinklet fra Olav, og vi er mange som har fått veldig sterk motivasjon til å utvikle oss selv og forståelsen for faget og rolleutøvelsen ilt disse ukene. En drøm å få ta del i! Personlig har det gjort at jeg føler jeg har havnet på rett hylle i arbeidslivet.».

Imidlertid er det og studentar som opplever prosesselementa som forstyrrende for teoretisk tilegning og førebuing til eksamen: «Seminarene kunne med fordel hatt større fokus på pensum, og mindre fokus på øvelser som seminarleder mener fungerer godt i organisasjonsutvikling. I flere av seminarane har mesteparten av tiden gått med til å gjennomføre øvelser som har lite eller ingenting med pensum å gjøre. Dette er fine øvelser som man kan benytte i forbindelse OU men er, som jeg oppfatter det, lite relevant for studenter som skal gjøre en skriftlig eksamen.»

Dei er også nøgde med den tilrådde teorien som er knytta til kurset, og 100% var i stor eller svært stor grad tilfreds med litteraturen. Ein etterlyser ei bok i lederutvikling på linje med Cummings og Worley.

Av forbetningsforslag peikar nokre på ønske om betre tid til arbeidskrav 1, og fleire savnar personleg tilbakemelding frå emneansvarleg på dei to arbeidskrava. Fleire klagar også på lokale i kjellaren, særleg i samband med dagsopplegg. Nokre ønsker seg også meir forelesningar, særleg med Jørn Hetland, utan at dei ønsker mindre øvelsar, noko som tyder på at dei vil ha ei utviding av tidsramma og innhaldet i kurset.

- **Faglærers kommentarer til studentevalueringen**

Eg er nøgd med denne evalueringa, og den bekreftar at både det pedagogiske opplegget, gjennomføringa, og innholdselementa er bra. Same med litteraturen og det teoretiske fokuset. Majoriteten er svært godt nøgde med kurset, medan nokre få ønsker eit reint teorifokus retta mot teorieksamen. Ut frå evalueringane er dette truleg få, og mi vurdering er at opplegget totalt sett fungerer godt, og bør videreførast etter same lest.

Det er ei utfordring å få booka inn eksterne aktørar i forhold til timeplanen, noko som gjer at temaene OU og LU går litt over i kvarandre. Ideelt sett held me desse separate. Det er og viktig å merke seg at fokuset på å utvikle samspelet i kullet, altså lede kullet til å lede seg sjølv, har lukkast bra. Noko som gjer at kullet til ein viss grad stimulerer kvarandre, og representerer eit læringsmiljø der dei både støttar og utfordrar kvarandre. Dette er mellom anna eit resultat av god kick off i august, og eit visst prosessfokus i kurset. Slik sett blir emneansvaret i dette kurset delvis å utvikle ledelsesprosessane i kullet, når kullet lærer seg om lederutvikling. Viktig her har også vært å stille høge forventningar (og krav) til studentane i forhold til arbeidsmengde og innsats. Mi erfaring er at dette er gode grep for å skape fokus, samtidig som det må kombinerast med støtte og ivaretaking når det er behov for dette.

Det er for øvrig verd å merke seg at eksamensresultata for kullet er sterke, med heile X A, x B, x C og ingen svakare. Dette indikerer at det pedagogiske opplegget, som balanserer ulike pedagogiske element, også stimulerer til eit høgt teoretisk nivå i kullet. Det er med andre ord ikkje slik at eit prosessfokus vatnar ut det teoretisk nivået, men snarare tvert i mot – trur eg.

Faglærers vurdering av:

- **Undervisnings- og vurderingsformer**

Fungerer gjennomgåande godt med ein balansert pedagogisk modell, med samvirka av sturktuerte øvingar, prosess i klassen, teoriforelesningar knytt til øvingane, sjølvstudie av teori, skriftlege oppgåver, og studnetpresentasjonar ism artikkelseminar.

<ul style="list-style-type: none"> • Litteraturliste/anbefalt litteratur
Bør videreføres som no, og suppleres med nyare ting når dei kjem. Grunnboka fungerer godt.
Rammevilkår:
<ul style="list-style-type: none"> • Lokale og undervisningsutstyr
<p>Dette har fungert relativt dårleg. Kjellarlokala fungerer ikkje særleg godt med denne forma for pedagogikk, og ein bør tilstrebe større klasserom. Helga Marie har imidlertid redda oss ved fleire høver, og funne andre rom.</p>
<ul style="list-style-type: none"> • Andre forhold
<p>Kullet har vært på 26 – 27 studentar. Dette er mykje ift å rette arbeidskrav 1 og 2, gje tilbakemeldingar på studentpresentasjonar, køyre øvingar, etc. Ideelt sett er kullet 18 studentar, som gir meir tid og rom for individuell oppfølging. Slik det er no er dette opplegget for «viderekomande» emneansvarlege.</p>

Kort oppsummering av gjennomføringen av emnet med fokus på behov for justeringer
<ul style="list-style-type: none"> - Ei veke lengre tid for skriving av arbeidskrav 1 bør tilstrebast. - Individuell tilbakemelding på arbeidskrava er eit ideal, og vil fremje læring.
Er det noe som ikke har fungert inneværende semester, og hva bør gjøres for å rette dette opp?
-
Andre foreslåtte tiltak eller andre forhold av betydning for kvaliteten på emnet
Øvrige kommentarer
<p>Det er eit svært inspirerande fag (og kull) å ha ansvar for, og kurset er vel verd å ta vare på vidare. Ei utfordring er å få andre emneansvarlege i posisjon til å køyre dette kurset etter den lesten som no er lagt opp. Dette vert illustrert av ei tilbakemelding frå ein student etter kurset som varma:</p> <p>«Dette er ikke en mail for å fortelle om mine personlige tanker og opplevelser av eksamen i går, men en mail for i si TAKK. Takk for dette semesteret med deg dirigent. Takk for all kunnskap og erfaring du har delt med oss. Du har stilt krav og forventninger, og utfordret oss på områder de fleste av oss nok ikke var forberedt på. Jeg vil også si takk for all den varme og støtte du har vist oppi det hele. 321-emnet har for meg vært krevende, og helt enormt lærerikt. Og jaggu har det ikke vært skikkelig kjekt også!»</p>